



Matematikk 2 for 5.-10. årssteg



Vidareutdanningstilbodet er retta mot lærarar som har 30 studiepoeng matematikk i si tidlegare utdanning, og tilsvarar Matematikk 2 i grunnskulelærarutdanninga for 5.-10. årssteg. Studiet er ein del av "Kompetanse for kvalitet", Kunnskapsdepartementet sitt program for vidareutdanning av lærarar.

Studieinnhald

Studiet skal gi solid didaktisk og fagleg grunnlag for å kunne planleggje, organisere, tilpasse, gjennomføre og evaluere ulike læreprosessar i matematikk for elevar på 5.-10. årssteg. Studentane skal få kompetanse til å undervise matematikk, i tillegg til kompetanse til å kunne vere med å utvikle og forme matematikkfaget i framtida. Tema i studiet er matematikdidaktisk forskning og forskingsmetodar, matematisk analyse (funksjonar, derivasjon, integrasjon), talteori, bevis, argumentasjon og matematisk teoridanning.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet er nettbasert med to obligatoriske samlingar i Volda kvart semester. Nettleksjonar vert normalt lagt ut i Canvas og Adobe Connect vert nytta til eventuelle nettsamlingar. Studenten må ha tilgang til datamaskin med internett (av god kvalitet), nødvendig programvare og utstyr som webkamera, headset og mikrofon. Begge emna i studiet har arbeidskrav som må vere godkjende for å kunne gå opp til eksamen.

Aktuelle yrke og vidare studium

Studiet kvalifiserer for undervisning i matematikk på 5.-10. årssteg i grunnskulen. Lærarutdanning med 60 studiepoeng matematikk kan gi opptak til Master i undervisning og læring – spesialisering i matematikk.

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført lærarutdanning og 30 studiepoeng Matematikk 1 eller tilsvarande.

Søknadsfrist: 01. mars i Kompetanse for kvalitet

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no